

ÅRSMELDING 2023

DNT SOGN OG FJORDANE



Fra ambassadør og grunnleggande turleiarkurs i Gulen mars 2023. Nyutdanna turleiar Anna Kobbeltvedt viser vegen 😊

Innhald	Side
Leiar	3
Tillitsvalde og tilsette i DNT Sogn og Fjordane 2023	4
Medlemstal samla i lokallag i DNT Sogn og Fjordane	5
Styret og adm DNT Sogn og Fjordane	6
Prioriterte oppgåver i 2023	7
40-års jubileum	8
Årsmøte 2023 og Fellesmøte 2023	9
Årsmelding Naturvernutval	11
Årsmelding Hytte-, rute og stiutval	12
Årsmelding Kurs- og Fjellsportutval	12
KDU	14
Opptur	17
Aurland Turlag	18
Flora Turlag	18
Indre Sunnfjord Turlag	19
Keipen Turlag	20
Indre Nordfjord Turlag	20
Sogndal Turlag	21
Lærdal Turlag	22
Luster Turlag	22
Midtre Nordfjord Turlag	23
Ytre Nordfjord Turlag	24
Vik Turlag	24
Årdal Turlag	25
Ytre Sogn Turlag	25
Balestrand og Høyanger Turlag	26
Tal medlemmer, turar og turdeltakarar 2023	27
Turpostar 2023	28
Kurs- og BaseCamp 2023	29
Personar som har turleiarutdanning	30
Hyttestatistikk 2023	31
Samarbeidspartnarar	32
Økonomi	33

Styreleiaren om 2023



DNT Sogn og Fjordane kan sjå tilbake på eit aktivt turår i 2023.

Totalt har vi gjennomført om lag 600 turar og godt over 15.000 deltakarar har vore med oss på ein eller fleire av turane våre.

2023 starta med at vi feira 40-års jubileet til Sogn og Fjordane Turlag. Ei flott markering med lokallag, «gamle» styremedlemmar som var med i styret under etableringa samt besøk av fylkesordføraren i Vestland fylkeskommune.

Same helg hadde vi årsmøte der vi vedtok å endre namnet frå Sogn og Fjordane Turlag til DNT Sogn og Fjordane. Bakgrunnen for namneendringa er den utviklinga vi har hatt desse 40 åra. I dag har vi 14 aktive lokale turlag og turlaga våre er arrangørar av aktiviteten. DNT Sogn og Fjordane er medlemsforeininga for dei 14 lokale turlaga samt kontaktpunktet til DNT sentralt.

DNT Sogn og Fjordane deltok og på DNT sitt Landsmøte i Trondheim i 2023. Under arbeidet med ny strategi utfordra vi landsmøte vurdere om Den Norske Turistforening (skipa i 1886) er eit godt namn på den foreininga vi er i dag eller om den, for eksempel, burde heite Den Norske Turforeninga.

Turar, merking, hyttedrift og stadig eit betre tilbod til alle friluftinteresserte er noko våre frivillige har eit brennande engasjement for.

Under fellesmøte vårt i haust hadde vi sosiale media som hovudtema. Vi har eit mangfaldig tilbod og vi er svært opptekne av at alle som er interessert skal få informasjon om våre tilbod.

Barnas turlag (BT) er ein aktivitet som vi har i alle våre lokale turlag. Dette er ei svært viktig gruppe for oss og ei gruppe som er framtida vår. I år vart det arrangert motivasjons- og erfaringsamling for alle frivillige i BT, eit arrangement som gav gode tilbakemeldingar.

Mangfald og inkludering har vore eit av våre satsingsområde. Vi har brukt deler av 2023 til å jobbe fram prosjektet «Unge Naturjenter». Gode søknadar om deltaking og det vert spennande å følge dei utover i 2024.

Dei siste åra har vi fått tildelt rammegåvemiddlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Dei tildelte gåvemidlane vert fordelt av DNT Sogn og Fjordane etter søknad frå lokallaga. Det er svært gledeleg å sjå aktiviteten og prosjekta som er i gang i våre lokallag, der gåvemidlane har vert eit viktig bidrag i det arbeidet.

Vi vil takke alle dykk frivillige som brukar av dykkar fritid for at andre skal få oppleve gleda med friluftslivet. Frivilligheit hjå oss er varierende. Vi har turledarar, stimerkarar og hytteansvarlege. Vil og gjere trekke fram dei som vaskar og ryddar i hyttene, dei som skriv møtereferat, dei som har oversikt på økonomi og som skriv søknader og rapporterer i etterkant. Vi må heller ikkje gløyme all dugnad som går med til å skive turomtalar, legg ut informasjon på sosiale medier eller deltek i dei ulike styra våre.

Summen av alt dette er den fantastiske turaktiviteten vi har i Sogn og Fjordane.

Vi ynskjer å takke alle våre 8040 medlemmar for bidraget til vårt arbeid. Vi set stor pris på medlemskapet og vi har god plass til fleire frivillige.

DNT Sogn og Fjordane vil og takke samarbeidspartar, næringsliv, kommunar- og fylkeskommunen, samt lokallaga våre, administrasjonen og DNT for eit godt samarbeid i 2023.

Siv Merete Stadheim
styreleiar DNT Sogn og Fjordane

TILLITSVALDE OG TILSETTE I DNT SOGN OG FJORDANE 2023

Leiar	Siv Merete Stadheim	FT	siv.merete.stadheim@avinor.no / 90024795
Nestleiar:	Karen Weichert	VT	karen.weichert@sogn.no / 90534102
Styremedlem:	Irene Lunde	MNT	irene.m.lunde@stad.kommune.no / 41324798
Styremedlem:	Silje Marita Vallestad	YNT	silje_@hotmail.com / 90193975
Styremedlem:	Jarle Aarvoll	ST	aarvoll@hotmail.com / 90822420
Varamedlem 1:	Trond Øyen Einemo	LæT	toe@metopro.no / 916 20 086
Varamedlem 2:	Tina Løkke Vie	MNT	tinalvie@hotmail.com / 95869288
Varamedlem 3:	Tom Dybwad	ST	tojady@hotmail.com / 97523411

**Kurs- og Fjellsportutval (KFU):**

Leiar: _	Vigdis F. Kvamme	IST	vigdis.kvamme@eninvest.net / 48106362
Medlem:	Rune Valsvik	ÅT	rune.valsvik@gmail.com / 41617528
Medlem:	Jon Arne Kvåle	VT	jonar-k@online.no / 48109199
Varamedlem:	Bente Sunde	INT	bentesunde@hotmail.com / 47646560

**Naturvernuttal:**

Leiar:	Magnus Frøyen	FT	magnus@svanoy.com / 90145316
Medlem:	Jørgen Bruheim	LæT	bruheimjorgen@gmail.com / 91565051
Medlem:	Anita Taftø	BHT	anita.tafto@hoyanger.kommune.no / 99312587
Varamedlem:	Jørund Nygård	KT	jorund.nygaard@gmail.com / 909 43 882

**Hytte- rute- og stiutval:**

Leiar:	Tor Arne Hauge	MNT	t-arneh@online.no / 90192471
Medlem:	Jørgen Hundseth	BHT	jorgen.hundseth@gmail.com / 95083638
Medlem:	Lars Raae	INT	larsraae@live.no / 94821311
Varamedlem:	Tor Magne Gangsøy	YNT	tormagne73@gmail.com / 48955867

**Valnemnd:**


Leiar:	Roy Raasholm Fauske	IST	roy.raasholm.fauske@nrk.no / 97055206
Medlem:	Ron Overdevest	YST	rono@online.no / 97674654
Medlem:	Siv Solheim	INT	sif.sol@gmail.com / 97139675



Administrasjon:	Hanne Karin Bruaas hanne.bruaas@dnt.no Hege Mundal hege.mundal@dnt.no Gry Thyrrstrup gry.thyrrstrup@dnt.no
Rekneskapsfører:	DNT Økonomiringen
Intern revisor DNT SF:	Knut Furu Strømmen



Medlemsutvikling DNT SOgn og Fjordane 2003-2023



I DNT Sogn og Fjordane sitt område var det totalt 8040 medlemmer i 2023, som er ein god auke fra 2022. Den Norske Turistforening hadde rekordhøgt medlemstal i 2023 med over 320 000 medlemmer.

DNT Sogn og Fjordane er ei medlemsforeining under Den Norske Turistforening, og vårt nedslagsfelt er det som tidlegare var Sogn og Fjordane fylke. I vårt område er det 14 lokale turlag, og dei dekker alle kommunane i Sogn og Fjordane. Det er i lokallaga DNT-medlemmene er registrert. Turlaga er sjølvstendige juridiske einingar med organisasjonsnummer, styre, årsmøte og eigen økonomi. Dei lokale turlaga har undergrupper i sine lag som til dømes Barnas Turlag, Gå-lag, Fjellsportgrupper, turtilbod på dagtid for alle, tur/aktivitetstilbod for personar med funksjonsvariasjonar og andre grupper. Det er stor variasjon i tilbodet og her kan dei fleste finne noko som passar for dei. Vi takkar dei lokale turlag for den fomedable dugnadsinnsatsen som kvart år vert lagt ned for friluftslivet:



Styret sitt arbeid i 2023:

Styret har gjennomført 13 styremøte og handsama 45 saker. Om lag halvparten av styremøta vart gjennomført digitalt, medan resten av møta var fysisk frammøte på Thon Hotell Skei og eitt på Knutholmen.

Styret vedtok at medlemskontingenten for 2024 skal følgje DNT si tilråding.

Prioriterte oppgåver:

- Implementering av nye IT-system som DNT innførte i 2023. Dei nye systema skal saman erstatte 'Sherpa', som har vore det digitale verktøyet for aktivitetar, tryggleikshandtering, nettsider m.m. i mange år.
- Marknadsføring av tilbodet vårt via sosiale media- både organisk innhald og betalt annonsering.
- Fokus på turleiarkurs og tryggleik
- Fortsetje forvaltninga av felles gåvemiddelordning vi har med frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.
- Mangfold- og inkluderingsprosjekt / Unge Naturjenter
- Barnas Turlag

Administrasjonen i DNT SF

- Hanne Bruaas er tilsett 100% i DNT Sogn og Fjordane som Organisasjonssekretær
- Hege Mundal er fra 6.3.23 tilsett i 50% stilling som Organisasjonsmedarbeidar (samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag)
- Gry Thyrrestrup er fra 1.12.23 tilsett i 20% stilling som Organisasjonssekretær (samarbeid med Sogndal/Luster Turlag).

Møter/samlingar DNT SF

- Administrasjonen har planlagt og førebudd kurs og samlingar i regi av DNT SF som følgjer:
- 13 styremøter
- Markering av 40-års jubileum for DNT Sogn og Fjordane
- Årsmøte 2023
- Barnas Turlag inspirasjonssamling i Fjærland
- Fellesmøte på Knutholmen i Kalvåg.

Representasjonar

- Landsmøtet til DNT i Trondheim: DNT Sogn og Fjordane deltok med styreleiar og nestleiar samt organisasjonssekretær. Keipen Turlag og Ytre Nordfjord Turlag deltok med sine styreleiarar.
- Kursleiarkonferanse på Haukeli: Rune Valsvik, Jannike B. Frøyen og Vigdis F. Kvamme deltok fra DNT Sogn og Fjordane.

Administrasjonen har deltatt på:

- Flora Turlag si turleiarsamling og Indre Sunnfjord Turlag si turleiarsamling
- INT sitt årsmøte
- Opplæring i nye IT-system i DNT med Bergen og Hordaland Turlag.

Felles Turprogram

Turprogram for 2023 vart utarbeidd av administrasjonen etter ny mal vedtatt av Fellesmøtet. Om lag 70 helgeturar var plukka ut av lokallaga til å vere med i programmet. Programmet hadde med QR-kodar til lokale turlag og DNT SF sine nettsider, for på den måten å ha tilnærming til eit meir digitalt program. Programmet vart utsendt til medlemmer saman med Fjell og Vidde nr 1/23, og antal sider var om lag halvert i forhold til tidlegare.

Nettside/sosiale media:

DNT Sogn og Fjordane: <https://www.dnt.no/sognogfjordane>.

Facebook: DNT SF, Kurs- og Fjellsport og DNT Ung Sogn og Fjordane.

Facebookgruppe: DNT Fjellsport Sogn og Fjordane

Instagram: dnt_sognogfjordane / dntungognogfjordane.

Alle lokallag har egne nettsider og Facebook-sider. Dei fleste Barnas Turlag annonserer sine aktivitetar på Facebook. Dette er med å synleggjere og marknadsføre aktivitetar som føregår rundt i vårt område.

Medie- og kommunikasjonsstrategi

Kommunikasjonsarbeidet skal gjere turlaga sine tilbod synlege og tilgjengelege på ein attraktiv måte som fengjer flest moglege. Vidare skal det synleggjere turlaga sine haldningar om verdien av natur og friluftsliv.

DNT Sogn og Fjordane har ein eigen marknadsføringsplan i form av kalender for sosiale media, som viser planlagte innlegg fram i tid. Kalendaren omfattar både organisk innhald og betalt annonsering. Med bakgrunn i vedtak på Fellesmøte 2023, skal marknadsføring av turar og aktivitetar i lokallaga kun annonserast digitalt.

Kort om nokre av dei prioriterte oppgåvene for DNT Sfg i 2023:

Turleiarkurs og tryggleik

DNT Sogn og Fjordane har fokus på å utdanne fleire turleiarar i DNT-systemet, har god deltaking på våre turleiarkurs på ulike nivå kvart år. Dette bidreg til eit enda tryggare tilbod for dei mange som deltek på turar i vår region.

Mangfald- og inkludering

DNT Sogn og Fjordane fekk i 2022 innvilga prosjektmidlar frå Lotteri- og Stiftelsestilsynet. Midlane var tildelt for å utvikle tilbodet FTU (Friluftsliv tilrettelagt utviklingshemma), og Friluftskompetanse til unge jenter med minoritetsbakgrunn.

Det vart i løpet av våren hausta erfaringar frå andre som jobbar med mangfald og inkludering i DNT, mellom anna frå tilsette sentralt, DNT Drammen og Bergen- og Hordaland turlag. Det var oppretta samarbeid med Røde Kors, Flyktningkoordinator i Kommunen, Flyktingtenesta og Friskliv- og frivilligsenteret. Samarbeidet resulterte i at DNT Sogn og Fjordane starta «internasjonal turgruppe Sunnfjord» saman med Førde Røde Kors.

Unge Naturjenter:

På sida av arbeidet lokalt i Sunnfjord tok Brita Helleland i Vik utfordringa med å lage gratis jentecamp. Jentecamp i Vik handla om å vekke interesse for friluftsliv blant unge jenter, og spesielt jenter med minoritetsbakgrunn. DNT Sogn og Fjordane bidrog med 20 000,- til gjennomføring. Det vart ein svært vellukka camp, som dei ynskjer å gjenta i 2024.

I DNT Sogn og Fjordane vaks ideen om prosjektet 'Unge naturjenter' til. Målet er å gi jenter i alderen 15 til 19 år moglegheit til å delta på eit årslangt og gratis friluftsprogram der dei lærer og ulike typar friluftsliv og oppnår turleiarkompetanse. Ingen krav til forkunnskapar, kun motivasjon. I tillegg til å gi friluftskompetanse, kan dette prosjektet potensielt bidra til å byggje opp eit DNT ung miljø i Sogn og Fjordane.

DNT SFJ sitt Fellesmøte i oktober vart ein arena for å forankre prosjektet i lokale turlag. Vidare vart offentlege etatar som flyktingtenesta og skular kontakta for å nå jenter i målgruppa. Ansvarleg for prosjektet, Hege Mundal, sette deretter i gang med annonsering og målretta rekruttering for å kunne starte prosjektet i 2024. 12 jenter vart plukka ut av totalt 21 søkjarar, og planlegging av første samling i februar -24 kunne starte.

FTU:

Under DNT Sogn og Fjordane var det i 2023 fire FTU-grupper; I Årdal, Sogndal, Luster og Førde. Det vart ikkje oppretta nye grupper i løpet av året, men vi opplevde god aktivitet i eksisterande grupper. Ei utfordring med å opprette nye undergrupper i Sogn og Fjordane er at ein må få kontakt med frivillige som engasjerer seg og tek ansvar for å drive aktivitetane, dette har vi ikkje lukkast med på nye stader.

Barnas Turlag:

DNT Sogn og Fjordane har arbeidd for å auke tilknytninga til frivillige i Barnas Turlag. Vi har tilbydd aktivitetsleiarkurs på Kaupanger i april, samt ei større inspirasjonssamling i Fjærland siste helga i september, og eit nytt aktivitetsleiarkurs same helga.

Barnas turlag er ein god arena for første møte med DNT, det enkle friluftslivet og fellesskapsfølelse. Alle arrangement er gratis og opne for alle, dette gjer at Barnas Turlag også er ein god innfallsport for å inkludere nye personar med innvandrar - eller flyktningbakgrunn. Vi har i løpet av året sett fleire gode eksempel der Barnas Turlag samarbeidar med andre organisasjonar som t.d.flyktningteneste, frivilligsentralar, BUA og Røde Kors for å skape større og inkluderande arrangement.

På inspirasjonssamlinga i september hadde vi kurs i «mat frå heile verda». Dette er eit inkluderingsverktøy vi håpar at fleire tek i bruk komande år. Ein hadde også aktivitetsleiarkurs, tur og føredrag med Alexander Read frå «Mina og meg». Ei slik samling der ein kan møte andre frivillige som arbeidar med barn og unge er ei fin gulrot for å vere frivillig. DNT Sogn og Fjordane ynskjer å setje opp ei samling i 2024, der ein også legg inn betre tid til erfaringsutveksling mellom dei ulike laga.

40-års jubileum for Sogn og Fjordane Turlag

Sogn og Fjordane Turlag vart skipa i 1983, og var dermed 40 år i 2023. Opptakten til etableringa av Sogn og Fjordane Turlag var eit ynskje om å få til eit samarbeidsorgan og felles overbygging for dei lokale turlag som allereie eksisterte i Sogn og Fjordane. Den Norske Turistforening var på toppen, men det mangla eit regionalt ledd som kunne løfte saker opp mot DNT og myndigheiter.

Jubileet vart markert fredag 27. januar, kvelden før årsmøtet 2023. Alle lokallaga kom til Skei for å delta på jubileum og hygge seg ilag med turlagskollegaer i Sogn og Fjordane.

Fem av dei som deltok under oppstarten, var med på jubileet. Dette var Eivind Skjerven fra Stryn, Alvar Melvær og Magne Rye fra Førde, Stein Bugge-Næss fra Luster og Åge Jon Hillestad fra Sogndal. Bjørn Høyvik fra Førde og Rolf Olav Tenden kunne ikkje delta på jubileet. Dei fem som var tilstades var sjølvsagt heidersgjestar, som dei engasjerte og dyktige DNT-folka dei har vore heile livet.

Roy Raasholm Fauske var festleiar, og intervjuja Eivind Skjerven som var ein markant og svært aktiv person for å få etablert Sogn og Fjordane Turlag.

Jon Askeland frå fylkeskommunen var spesielt invitert som gjest på jubileet, og haldt ein flott takk-for-maten tale. Det vart vidare allsang i form av ei spesiallaga 'Turavis', samt ein Turlags-quiz som fekk folket til å jobbe saman. Hyggeleg og vellukka feiring!



Fem av dei som starta opp Sogn og Fjordane Turlag i 1983

Fra v Stein B. Næss, Eivind Skjerven, Åge Jon Hillestad, Magne Rye og Alvar Melvær. Ein staseleg gjeng

Siv M. Stadheim og fylkesordførar Jon Askeland



Årsmøte i Sogn og Fjordane Turlag 2023

Årsmøtet for 2023 vart arrangert på Thon Hotell Skei 28. januar. Alle lokallag var representert, samt styret i DNT SF. I tillegg var 3 leiarar for utval med på årsmøtet. Styreleiar i DNT sentralt, Per Hanasand, var invitert og haldt innleiinga.

Val styret:

Siv Merete Stadheim fekk fornya tillit som styreleiar i DNT SF, og styremedlem Karen Weichert tok attval for 2 nye år. Oddvar Flæte sa fra seg attval, og nytt styremedlem vart Jarle Aarvoll. Attval på varamedlemmene Trond Øyen Einemo, Tina L. Vie og Tom Dybwad. Styremedlemmer Irene Lunde og Silje M. Vallestad var ikkje på val.

Val utvalsleiarar:

Kurs- og fjellsport: Vigdis Flaten Kvamme

Hytte-, rute- og sti: Tor-Arne Hauge

Naturvern: Magnus Frøyen

DNTUng: Det lukkast ikkje valkomiteen å få kandidatar til dette vervet

I tillegg til vanlege årsmøtesaker som årsmelding, rekneskap og budsjett, var ei litt annleis årsmøtesak på sakslista, og det var namneendring. I tråd med utviklinga i DNT-organisasjonen og Sogn og Fjordane Turlag, vart det samrøystes vedteke at Sogn og Fjordane Turlag skulle endre namn til DNT Sogn og Fjordane. Vidare vart Handlingsplan 2023 vedteken, og Fellesmøtet 2023 fekk mandat til å bestemme utforming på Turprogram 2024. Kontingent for 2023 til DNT Sogn og Fjordane vart vedtatt til kr 75 pr enkeltmedlem, og kr 10 pr medlem for produksjon av Turprogram 2023.



Styreleiar i DNT, Per Hanasand. Her med styreleiar i DNT SFJ, Siv M. Stadheim



Irene Lunde presenterte årsmøtesak om Turprogram -23



Årsmøtedeltakarar frå turlaga i Mitre Nordfjord, Vik, Lærdal, Årdal og Aurland

Fellesmøte 2023

28.-29. oktober var alle 14 lokallag, samt styre, administrasjon og utvalsleiarar, samla til Fellesmøte på Knutholmen i Kalvåg. Keipen Turlag, med Jannike Brenden Frøyen i spissen, var vår vert denne helga. Med topp vermeldingar på yr, låg alt til rette for ei nydeleg helg i Bremanger.

Programmet laurdag var variert, med både direkte kunnskapsformidling og inspirasjon frå podiet.

Kurs i digital marknadsføring og effektiv bruk av sosiale media

Benedicte Ødegård fra DNT sentralt hadde eit minikurs om temaet digital marknadsføring og effektiv bruk av sosiale media. Her fekk vi lære mykje om kva som fungerer for å nå fram til målgruppene våre, korleis skal ein skrive tekst, bruk av emoji, bruka av linkar eller ikkje, hashtags eller ikkje. Svært lærerikt for oss alle.

Turprogram 2024

Silje Vallestad og Irene Lunde frå styret fekk innspel på kva Fellesmøte meiner er viktig i utforming av Turprogram for 2024. Dei tok med seg synspunkta for å formulere forslag til vedtak seinare i møtet. Vedtak: DNT SFJ sender ut ein enkel informasjonsflyer med Fjell og Vidde 1/24, samt marknadsfører turprogram fra februar-september i sosiale media ved bruk av betalt annonsering i Meta.

Time-out med Keipen Turlag!

Midt i programmet var det sett av to timar til ein sentrumsnær fottur i Kalvåg. Jannike og Steinar i Keipen Turlag sto klar kl 15.10 og guida oss trygt gjennom turen. Vi gjekk opp trapper, over fjell, fekk sjå nydeleg utsikt over Kalvåg, og kom i tide tilbake til Knutholmen og neste punkt på programmet.



Keipen Turlag alt for at folk skal finne fram i Bremanger 😊



Heile møtelyden på tur i fantastiske Bremanger

Turlaga på scena

Som ein vri frå tidlegare år fekk turlaga i år på førehand tildelt kvart sitt tema dei skulle fortelje om. Tanken var at innslaga skulle bli varierte, slik at ein kan lære av kvarandre og utveksle erfaringar. Dette punktet på programmet leverer alltid topp kvalitet, og er ein fryd å få med seg kvart år.

Her er temaene for årets lokallagshistoriar

Jentecamp (Vik), FTU og fjellsportaktivitet (Årdal), Kjørrdalselet på dugnad (Sogndal), Skilting og merking (Balestrand og Høyanger), Arrangement og synlighet i lokalmiljøet (Midtre Nordfjord), Samarbeid med andre lokalt (Indre Sunnfjord), Kajakksommaren (Ytre Sogn), Tur og kultur (Flora), Oppgradering stiar, Vetledalsetra, fjellsport og

Fra den flotte turen som Keipen Turlag tok oss med på

kompetanseheving (Indre Nordfjord), Synlighet og rekruttering (Keipen), Utfordringar i eit lite turlag (Lærdal), Hyttedrift (Luster). Ei svært inspirerende økt, og takk for gode presentasjonar til alle.

Andre innlegg på Fellesmøtet:

Valkomitearbeid og styrearbeid v/Siv M. Stadheim, Trond Einemo og Jarle Aarvoll fra DNT SFJ sitt styre
Turleiarstigen v/leiar i Kurs- og fjellsportutvalet Vigdis Flaten Kvamme
Bærekraft-aktivitet, regi v/styremedlem Karen Weichert
Nytt fra natuvernutvalet v/leiar i Naturvernutvalet Magnus Frøyen
Valkomiteen v/Ron Overdevest oppmoda lokallaga om å spele inn aktuelle kandidatar før årsmøte 2024.
Orienteringar fra administrasjonen v/Hege Mundal og Hanne Bruaas

Årsmelding Naturvernutvalet 2023

Magnus Frøyen, Flora Turlag leiar for utvalet.

Anita Taftø, Balestrand/Høyanger Turlag

Jørgen Bruheim, Lærdal Turlag

Vara: Jørund Nygård, Keipen Turlag

Ein har ikkje hatt egne møter i naturvernutvalet og arbeidet som har vore gjort er i hovudsak gjennom Forum for Natur- og friluftsliv (FNF) der det har vore gjeve uttale i ei rekkje saker. Utvalsleiar har delteke på nokre av styremøta i Sogn og Fjordane Turlag og på styremøta til FNF.

FNF (forum for natur og friluftsliv)

FNF Sogn og Fjordane har tilsett ein eigen koordinator som organiserar og administrerar arbeidet i styret og skriv framlegg til uttalar i høve aktuelle plansaker mv. Styret i FNF er samansett av medlemmer frå nokre av organisasjonane som er medlemar i FNF, for tida av representantar frå Naturvernforbundet, NJFF, DNT og Forbundet Kysten.

Leiar for naturvernutvalet representerer DNT i styret for FNF og har i 2023 her vore leiar for styret. Koordinatoren har kontorstad i Førde der ein og har hatt styremøta.

Koordinator har skrive framlegg til uttale i ei rekkje saker som har vore diskutert med medlemmane før utsending.

Gjennom FNF har ein i 2023 gjeve uttale i desse sakene:

04.12.2023 - [Innspeil til KLDs arbeid med stortingsmelding om naturmangfold](#)

06.11.2023 - [Fråsegn til ny kraftline til Florø gjennom Grytadalen](#)

03.11.2023 - [Fråsegn til Kinn kommune sin Kommuneplan Arealdel](#)

20.10.2023 - [Fråsegn mot søknad om tiltak i nedbørsfeltet til Grytaelva frå Nordic Mining](#)

20.10.2023 - [Fråsegn mot søknad frå Nordic rutile om tiltak i sjø på Engebø](#)

20.09.2023 - [Kommuneplanens arealdel Sogndal kommune 2023 - 2023](#)

24.06.2023 - [Fråsegn mot gondolbane i Kjøsnestfjorden Sunnfjord kommune](#)

23.06.2023 - [Fråsegn mot hydrogen/ammoniakkfabrikk på Holmaneset i Bremanger kommune](#)

16.03.2023 - [Fråsegn til Areal Sunnfjord kommune sin Kommuneplan](#)

20.03.2023 - [Regional plan for fornybar energi 2023 - 2035](#)

Årsmelding hytte- rute og stiuval 2023

Tor Arne Hauge, Midtre Nordfjord Turlag, leiar for utvalet.

Jørgen Hundseth, Balestrand/Høyanger Turlag

Vara: Tor Magne Gangsøy, Ytre Nordfjord Turlag

Utvalsleiar har delteke på styremøta i DNT Sogn og Fjordane.

Årsmelding Kurs- og fjellsportutvalet 2023
Vigdis Flaten Kvamme, Indre Sunnfjord Turlag, leiar for utvalet
Jon Arne Kvåle, Vik Turlag
Rune Valsvik, Årdal Turlag
Vara: Bente Sunde, Indre Nordfjord Turlag

Kurs- og Fjellsportutvalet er rådgivar og pådrivar for kurs og fjellsport i DNT Sogn og Fjordane. Dei har særleg kompetanse på dette feltet og planlegg kurs i samarbeid med administrasjonen. Leiar i utvalet møter fast på DNT Sogn og Fjordane sine styremøte.

Desse kursa var arrangert i 2023:

3-dagars NF godkjent skredkurs i Jostedal

Kursleiarar: Norgesguidene

- 3.-5. februar 2023, 5 deltakarar

Kart- og kompasskurs i Svelgen (samarbeid med Keipen Turlag)

Kursleiarar: Rune Valsvik og Vigdis Flaten Kvamme

- 25.3.23, 11 deltakarar

Kajakk-kurs i Sogndal (samarbeid med Sogndal Turlag)

Kursleiar: Toril Mulen

- 25.4.23, 8 deltakarar

Merkekurs teori i stimerking for fotruter på Teams

Kursleiar: Torgeir Nergård Berg i DNT sentralt

- 8.3.23, 20 deltakarar

Aktivitetsleiar kurs for Barnas Turlag-leiarar på Kaupanger

Kursleiar: Rune Valsvik, Vilde Nordlid og Hege Mundal

- 22.4.23, 9 deltakarar

Aktivitetsleiar kurs for Barnas Turlag-leiarar i Fjærland

Kursleiar: Hege Mundal

- 29.9.23, 11 deltakarar

Nærturleiar kurs i Førde (samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag)

Kursleiarar: Vigdis Flaten Kvamme og Roy Raasholm Fauske

- 27.4.23, 8 deltakarar

Ambassadør og grunnleggande turleiar kurs i Gulen.

Kursleiarar: Vigdis Flaten Kvamme og Roy Raasholm Fauske som kursleiarar

- 18.-19. mars 2023, 13 deltakarar

Ambassadør og grunnleggande turleiar kurs i Førde

Kursleiarar: Vigdis Flaten Kvamme og Roy Raasholm Fauske

- 15.-16. april 2023, 9 deltakarar

Ambassadør og grunnleggande turleiar kurs på Nipebu/Askvoll

Kursleiar: Roy Raasholm Fauske

- 16.-17.9. 2023, 9 deltakarar



Sommarturleiarkurs del 1 på Nipebu/Askvoll

Kursleiarar: Jannike B. Frøyen og Rune Valsvik

- 15.-17.9.23, 9 deltakarar

Skredkveld i Førde

Foredragshaldar: Josten Aasen (tidl Norgesguidene)

- 29.11.23, 100 deltakarar

KOM DEG UT-DAGEN

Barnas Turlag sine to festdagar:

 Kom deg ut vinter i februar

 Kom deg ut haust i september



Skileik og moro på Kålsete med BT Vik



Refleksdyrjakt med BT Stadlandet KDU vinter

Kom deg ut-dagane 2023

*Helten duger knapt
Utan grillpølser og saft! 😊*



BT Gloppen på KDU vinter

Kom deg ut-dagane 2023



BT Selje arrangerte KDU til området ved Selje Kloster



Turbo må berre kvile seg litt etter KDU haust



BT Stadlandet hadde barnesurf på programmet.

KDU haust samla mange born og familiar på Hunsrasta med BT Førde





'Opptur' er DNT sitt årlege friluftsansarrangement i mai, der 8.klassingar vert invitert med på tur i nærmiljøet. Lokale turlag har lang tradisjon for å planlegge gode aktivitetar for ein fin dag i det fri og få ein avveksling til skulearbeidet og introduksjon til det som DNT kan tilby på fritida.



Oppturen med 8.klasse i Florø gjekk til Brandsøyåsen.



Keipen Turlag med 8.klasse på Opptur



Lærdal Turlag arrangerte tur på Kongevegen for 8.klasse i bygda



Aurland Turlag

I 2023 har Aurland Turlag hatt ein gledeleg medlemsvekst med heile 30 nye samanlikna med 2022 og er pr no 143 medlemmer.

Turlaget har arrangert isfiskedag i samarbeid med Aurland fjellstyre. Denne dagen var spesielt innvandrarar og flyktningar i fokus. Vidare vart det arrangert fullteikna fellestur til Flovatnet på Aurlandsfjellet. Barnas Turlag har arrangert Leik og bål på stranda i Flåm med heile 42 deltakarar. BT-turen til Styvi-Bleiklindi var også svært populær med mange deltakarar. Pga lite påmelding til øvrige BT-turar har leiarane der sagt frå seg sine verv.

Aurland Turlag har inngått stifadderordning i samarbeid med Nærøyfjorden Verdsarvpark. Ordninga er under utvikling, der ein må ha på plass grunneigarløyver og andre avklaringar. Turlaget får låne nødvendig utstyr til arbeidet. Bakktrimmen og turpostane er eit tilbod til medlemmer og andre som skal motivere til kortreiste, enkle turar i bratt lende. Kurs og møter utanfor turlaget: Det er halde kurs i førstehjelp for turleiarane, samt at Unni Grønsberg og Solveig Kvakestad har delteke på årsmøte til DNT Sogn og Fjordane. Unni Grønsberg deltok også på fellesmøtet i Kalvåg. Aurland Padlelag vart starta opp hausten 22, og har sidan da arrangert kurs og hatt fire fellesturar Det er krav om våttkort for å låne kajakk, og dette har det vore stor interesse for. Svært fint å ha eit vatn-aktivitetstilbod i tillegg til dei flotte fotturane i Aurland.



Flovatnet på Aurlandsfjellet, Nedbergo og ned til fjorden. Fullteikna fellestur med Aurland Turlag.



Flora Turlag

Flora Turlag har hatt stor og variert aktivitet også i 2023. Alt arbeidet vert utført på dugnad, noko som er svært imponerende for eit turlag med nesten 900 medlemmer.

Rekordmange deltok på Trimpoeng også i 2023, og Barnas Turlag har fått ein skikkelig oppsving med god aktivitet. Her er Rene Korneliussen og Nils Magnus Eliassen trekt fram som svært driftige leiarar. Dette lovar godt for rekrutterina for framtida.

Tysdag- og onsdagsturane har hatt fine turar både i skjærgarden og i nærområdet. Onsdagspadlinga har hatt god deltaking med ei flott avslutningsheld i Kalvåg. Torsdagsturane har vore eit velfungerande og kjekt turtilbod i 9 ½ år, og hadde sin siste tur i dette konseptet i juni. Vidare har vi arrangert helgeturar, mellom anna Øyane Over og Alden, der Florø og Indre Sunnfjord samarbeider. Skitur til Ålfoten i samarbeid med Keipen Turlag og Midtre Nordfjord vart også suksess med nesten 40 deltakarar.



Tur & kulturer etablert som eit nytt tilbod, med Signe Nordvik som initiativtakar. Samarbeid også her med Keipen Turlag og det har vore arrangert 22 turar med 311 deltakarar i sum. Opptur er godt innarbeidd konsept, og Brandsøyåsen var årets turmål ilag med 8. klasse ved Flora og Eikefjord ungdomsskule. Overnatting på dei 4 hyttene har hatt ein fin auke fra 2022. Flora Turlag har fokus på Naturvern og samarbeider med Fjordane Friluftsråd her. Dag Eliassen er Flora Turlag sin representant i Ålfoten Landskapsvernområde. Flora Turlag satsar på utdanning og kursing av sine frivillige og har ein stor stab med turleiarar på alle nivå i sine rekker.

Hausten 2023 bestemte årsmøtet i Flora Turlag at ein trengte eit naustanlegg til å ha kajakkane i og samlast rundt. Dette vart ein realitet ved at DNT Sogn og Fjordane søkte om spelemidlar, vart eigar av Prestholmen naust og inngikk samtidig driftsavtale med Flora Turlag. Dette er eit flott løft for padlemiljøet i Flora Turlag og regionen rundt.



Indre Sunnfjord Turlag

Aktiviteten i det største lokale turlaget i Sogn og Fjordane, Indre Sunnfjord Turlag (IST), har vore høg også i 2023. Nær 3500 deltakarar har vore med på turar eller arrangement gjennom 2023, det er heilt imponerande. Turlaget har fokusert på samarbeid med andre for å få enda meir aktivitet, samt rekruttere nye frivillige og medlemmer til DNT. På administrativ side er det tilsett ein person i 50% stilling, som er eit samarbeid med DNT Sogn og Fjordane. Hyttene til IST er godt besøkte, og har også i 2023 fått naudsynt vedlikehold. Hyttestyrene arbeider godt for å bidra til gode opplevingar for besøkande til Longevasshytta, Massbu og Nipebu. Sistnevnte hytte har vore nytta til to turleiarkurs hausten -23, og det var mange gode ord om opphaldet på Nipebu. Seniorgruppa, Barnas Turlag i Fjaler, Askvoll, Førde, og Naustdal har hatt mange fine turar på programmet og god deltaking. Enkelte arrangement måtte avlysast pga dårleg ver, men dei fleste har gått som planlagt. I Gaular-Fosseheimen er den første Turboklubben i 'fylket' etablert, gratulerer! Vidare er Natur & Kultur eit nytt tilbod, og her kombinerer ein fottur med ei kulturoppleving. Konseptet er godt motteke med over 20 personar som har delteke på kvar tur. Vidare er Ti-Tur populære turpostkonkurransar, også her er samarbeid i fokus med kommunen som medarrangar, til dømes i Askvoll og Fjaler.

Stimerkegruppa har hatt eit større prosjekt i 2023 med å utbetre stien over Nordheia. Dette har vorte ein svært populær tur, spesielt for innbyggjarar nær Førde, men også mange tilreisande har besøkt denne flotte stien. IST er opptatt av kompetanseheving i turleiarbasen sin samt tryggleik på tur. Frivillige i laget har mellom anna delteke på nærturleiarkurs, grunnleggjande turleiarkurs, sommarturleiarkurs, skredkurs samt sti- og merkekurs. Det er trygt og kjekt å gå på tur med Indre Sunnfjord Turlag!



Brevandring, dynelufting på turlagshytter og 7-fjellstur. Indre Sunnfjord Turlag har det meste :)






Keipen Turlag

Keipen Turlag har arbeidd målretta i 2023, både med aktivitet og rekruttering. Det har mellom anna resultert i eit rekordhøgt medlemstal på 316 😊 Dugnadsånda lever og i beste velgåande med 3734 timar utført gjennom året. Dette fordeler seg på hyttetilsyn og vedlikehald, stimerking, møteverksemd, turleiing, planlegging av turprogram, Barnas Turlag og andre oppgåver som ligg til eit turlag. Turaktiviteten har vore høg, og eit nytt konsept såg dagens lys med Tur og Kultur. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Flora Turlag og Keipen stiller med kjentmenn når turane går i Keipen sitt 'rike'. Det er elles stort fokus på utdanning av turleiarar, dette har medført at det no er 15 turleiarar i Keipen Turlag. Styreleiar Jannike B. Frøyen har dessutan utdanna seg til til topps i DNT sin turleiarstige og er no kursleiar i DNT. Ho er dermed del av DNT Sogn og Fjordane sitt kursleiarsteam.

Fellesturane i 2023 vart stort sett gjennomført, men med nokre avlysingar pga dårleg ver. Vidare vert det arrangert opne hytter på Knekkevasshytta og Moldahytta, og slike treff på hytta samlar mange. Fjelltrimmen i Svelgen har solid oppgang med totalt 10173 besøk i 2023. Elles samlar dei lange turane på Ålfotbreen, Keipen og Gullsmedshytta flest deltakarar på fellesturane. Eit godt år for Keipen Turlag!



Barnas Turlag Keipen er på hjortebrølsafari - spennande!



Turen til Gullsmedhytta lokka 75 spreke deltakarar ut på tur!



Indre Nordfjord Turlag

INT har hatt stor aktivitet der om lag 1500 personar har nytta INT sitt tilbod i 2023. Styret har høg prioritet på å kurse sine tillitsvalde og frivillige, og har hatt deltakarar både på grunnleggande turleiarutdanning og skredkurs. To av Indre Nordfjord Turlag sine aktive kvinnelege turleiarar har i tillegg vore på grunnkurs bre i regi av Bergen og Hordaland Turlag. Lokalt har INT arrangert nærturleiar kurs og ambassadørkurs for sine folk i Gålaget med Olav Auflem som kursleiar.

Arbeidet i Rute/sti-hytteutvalget i 2023 har hovudsakelig bestått av planlegging av sti- ruter, og ro- og padleruter i Stryn sman med ulike instansar i reiselivet og kommunen. Fokus er også på stiutviklingsprosjekt i Oppstryn, som vil vere i 'drift' i ein tre-års periode.

Av 16 fellesturar gjennomført i 2023 var 6 skiturar. Alt fra 5-30 deltakarar pr tur. Dei lengste turane som Ceciliekruna og Lodalskåpa har trekt flest deltakarar.

INT har også arrangert aktivitet for ungdom, ein heildags happening med både skitur i skogen med puddersnø, afterski og badestamp til sutt. Populært tiltak for ungdom 13-18 år.

Barnas Turlag har strukturert den administrative drifta si, og arbeider på digitale plattformer der fleire av leiarane kan vere inne og bidra. Brosjyre er laga for å informere om turar og Barnas Turlag. Fem arrangement er avvikla med god deltaking.

Turar og aktivitetar: 14 onsdagstur er arrangert med 150 deltakarar, og gålaget har hatt 10 turar med 25 ulike personar med på turane.

Ansvar for hytta Infimus er nå lagt under hytte- og stiutvalget. Det har vore ein vellukka dugnad for vedhogst på Vetledalssetra. Hytta hadde 89 overnattingar og 110 besøk i 2023. Det er etablert eit samarbeid med Oppstryn Bygdeutviklingslag om prosjektet "På tur i Oppstryn", noko som er eit stort og spennande stiutviklingsprosjekt.

Gå-laget i INT har hatt 10 turar på programmet, med gjennomsnittleg 7 deltakarar pr tur.

Barnas Turlag har arrangert 6 aktivitetar og har hatt om lag 210 deltakarar totalt.

Onsdagstur-gruppa har arrangert 14 turar med 150 deltakarar, her får ein vere med på ein ettermiddagstur på kjende og ukjende stiar. Aktiviteten i Indre Nordfjord Turlag er høg og variert 😊



Frå venstre: Onsdagsturgruppa, vidare er Bente&Eva på skredkurs og heilt til høgre er Bente og Siv på brekurs



Sogndal Turlag

Sogndal Turlag er det nest største turlaget i Sogn og Fjordane, og har i 2023 nådd hele 1175, som er ein solid oppgang på nesten 8% fra 2022. Turlaget har i sum gjennomført totalt 57 ulike turar og arrangement, og 2038 personar har deltatt. Det store deltakarantalet skriv seg fra ulike aktivitetane i dei mange gruppene i turlaget. Ei av gruppene i Sogndal Turlag er Sogndal Gålag, som arrangerer turar på dagtid. Gålaget har i 2023 avvikla 26 turar, og med eit høgt fokus på HMS med god risikovurdering i forkant av kvar tur. Barna Turlag Leikanger og Barnas Turlag Sogndal har tilsaman hatt tilsaman 18 arrangement, der om lag 800 små og store har delteke. Sogndal Turlag har også ei aktiv FTU-gruppe, som i 2023 hadde naturbingo, matlaging ute og orientering (med hjelp frå orienteringsgruppa). Med i Sogndal FTU er deltakarar både fra Sogndal sentrum og Balestrand. Sogndal Turlag arrangerte vidare Opptur for Kaupanger Ungdomsskule og Leikanger Ungdomsskule. Her deltok henholdsvis 18 / 35 elevar, og Sogndal Turlag sine to hytter Kollsete og Grøssete, har fått eit nytt 'søsken', nemleg Kjørrdalsselet. Eit stort dugnadsarbeid har resultert i ei flott hytte/sel, der det kan bli plass til 2-3 personar for overnatting. Men kanskje vil den bli mest brukt som dagsturmål for glade vandrarar.



Kjørrdalsselet, nytt hyttetilbod i Sogndal!



Gøy å vere med i Barnas Turlag Sogndal og Leikanger!





Lærdal Turlag

Lærdal Turlag er heildigital både med Bakketrimmen og Stølstrimmen, begge ligg som lister på UT.no/UT-appen. Bakketrim har vore populær også i 2023, med 1690 besøk totalt, medan Stølstrimmen sine 10 postar har samla 273 innsjekkingar. Det var planlagt 16 fellesturar, men 6 av desse vart avlyst på grunn av dårleg ver. 65 personar var med på turane som stort sett vart arrangert på laurdagar. OPPTUR for 8. klasse gjekk i 2023 i området Kongevegen fra Rimskjold og til Selthun bru. Guide var Dagfinn Hegg-Lunde, og historieforteljning undervegs er noko som gir turen ein ekstra dimensjon underveg. Medlemsturen i 2023 vart lagt til Snøhetta, der 17 medlemmer deltok. Det vart eit flott opphold på hytta Snøheim, til tross for regn, vind og tåke. Onsdagsturane går fra april til september, og er eit tilbod som har lange og gode tradisjonar.

Lærdal Turlag har avtale med kommunen på Mjølkeflathytta, noko som betyr reinhald, ettersyn og rydding. 30. mai vart det arrangert konsert med Lærdal Musikklag på Mjølkeflaten, nær hytta.

Lærdal Turlag har planar om meir merking av stiar i 2024, gjerne i samarbeid med andre lag og organisasjonar. For å sikre nok turleiarar til fellesturar, vil ein også søkje samarbeid med nabo urlag som Aurland og Årdal.

Barnas Turlag i Lærdal har hatt fleire aktivitetar og god deltaking på desse i 2023. Alt fra skikarusell, karneval på skøyteisen, ryddeaksjonen 'Hald Lærdal rein', klatring og motbakkeløp til meir tradisjonelle fotturar- og kveldsmatturar. Halloween og juletrehogst var og på programmet, mykje kjekt å vere med på for born i Lærdal!



Barnas Turlag Lærdal og Lærdal IL arrangerte motbakkeløpet Vangane Opp!



Klatring i Hedler med Barnas Turlag Lærdal



Luster Turlag

Luster Turlag er eit lite, veldrive lag, som i 2023 har hatt stor aktivitet på mange frontar. Vi startar med dei yngste, og Barnas Turlag gjennomførte Kom deg ut-dag i februar, her i samarbeid med Luster Frivilligsentral og Sogn Skisenter. Ein søndag i august var det klart for ny turdag med Barnas Turlag, og da fekk Nyestølen ved Tungestølen besøk av den yngre garde i Luster Turlag. Her var det natursti med 12 postar som utfordra både borna og dei som var vaksne. Dagen vart avslutta i matsalen på Tungestølen, den flotte betjente DNT-hytta som Luster Turlag eig i Veitastrond.

Luster Turlag arrangerte Opptur for 8. klassar frå Luster Ungdomsskule og Hafslo Ungdomsskule, totalt 58 elevar deltok på arrangementet! Det har vore arrangert vinteraktivitet for skuleungdom ved Sogn Skisenter, fordelt på to dagar alt etter alder. Her var det slalåm, grilling, speedtest og med pizza som ein velsmakande avslutning på dagen. Vidare har FTU (Friluftsliv tilrettelag for utviklingshemma) faste aktivitetsdagar den andre onsdagen i kvar månad. Her møter det 10-13 glade deltakarar opp kvar gong, og 10 arrangement vart avvikla i 2023. Aktivitetane er alt frå aking, balleik, friidrettsdag, natursti og refleksrebus. Ein kjempelin avslutning før sommaren var ri-båttur på fjorden og grilling i Skjolden etterpå i eit nydeleg ver.

Luster Turlag eig fleire turlagshytter; Fuglesteg, Fivle-hyttene og Tungestølen. I tillegg har dei avtale med Luster Kommune om å halde oppsikt på Eikjabu dagsturhytt, samt å demontere flåten som ligg ved hytta før kvar vinter. Og tilbake att om våren. Hytta er lett tilgjengeleg fra sjøen med kajakk eller båt.

Ein svært god tradisjon i Luster Turlag er Topptrimmen, som består av 10 utvalde toppar i kommunen. I 2023-2025 er den lavaste toppen Børesteinen på 985 moh og den høgste toppen er Vestre Holåtind på 2039 moh. Desse 10

toppane er dei same toppane som var utplukka til å vere med i lista for 30 år sidan. 400 deltakarkort er produsert for 2023-25.



Ei av Fivlehyttene, eig av Luster Turlag



Vinterdag for ungdom i Sogn Skisenter



Grilling med FTU Luster



Midtre Nordfjord Turlag (MNT)

Midtre Nordfjord Turlag har hatt totalt 11 arrangement og fellesturar i 2023. Her har totalt 695 deltakarar vore med 😊 MNT si satsing på UNG fortset, og OPPTUR er eit populært årleg tiltak

for 8.klassingar. Bretur på Haugabreen var og sin super dag med unge og vaksne i ein god blanding. MNT har to Barnas Turlag, Eid og Gloppen. Dei har arrangert Kom deg ut vinter og haust, samt sykkelturnar, konsertar og overnatting. Turbotrim for barn med 10 postar er også pop 😊

MNT bidreg vidare med å oppretthalde eigenaktivitet for medlemmer og andre ved å ha lister på UT.no/UT-appen. Her er det to T-tur-lister som ein kan følge og sjekke inn på. For 2023 er det 1525 besøk totalt og 325 unike personar som har besøkt dei 20 turmåla. Dei har også ei ekstra liste som er ekstra tilrettelaget: T-tur Gloppen 2023 – for alle, dette er eit kjempebra inkluderingsiltak, applaus til MNT!

MNT senior planla og gjennomførte ein fellestur i 2023, denne var til veglause grender med båt, og med kjentmann

Dag Lothe. Turen var fullteikna og det var gode tilbakemeldingar frå dei som deltok.

Stad Gålag var nyoppstarta i 2022, og i sitt andre driftsår vart det avvikla 16 turar. Turane går på ettermiddagstid, ein gong i veka unntatt i sommarferien. 66 ulike personar har delteke på turane og alt frå 4 til over 30 personar har vore med på kvar tur.



Brevandring på Haugabreen med turlaget er kjekt 😊



Barnas Turlag var på Eggenipa!

Ytre Nordfjord Turlag



Ytre Nordfjord Turlag

Ytre Nordfjord Turlag (YNT), har høg aktivitet på fleire plan, og eit av dei er i tilknytning til dei to fyra i turlaget: Kråkenes Fyr og Skongenes Fyr. Her er det open kafe om sommaren og mykje besøkande elles i året. Kråkenes Fyr er elles ein ynda stad for cruise-turistar å besøke for å ta bilete av utsikta ut mot havet. DNT sentralt sin sosiale media rådgjevar Benedicte var på privat tur på Kråkenes i sommar. Ho meldte tilbake at det er noko heilt spesielt med hyttene og fyra på Vestlandet, og det er vi heilt einige i.

YNT hadde 9 fellesturar på programmet i 2023, nokre måtte diverre avlyst på grunn av dårleg ver.

Aktiviteten har og vore god i Barnas Turlag i Ytre Nordfjord Turlag. Det er to Barnas Turlag: BT Stadlandet og BT Selje. BT Stadlandet har fått ein tradisjon med Barnesurf, der dei i samarbeid med Ervik Surfshop lærer barn meistring i tøft vatn og å handtere surfbrett. DNT sitt medlemsblad Fjell og Vidde var på besøk hos surfegeggen hausten -23, og vi ser fram til reportasje derfra i ei av utgåvene i 2024. BT Selje har hatt ein lengre pause, men er no sterkt tilbake etter at nye krefter er komt til. Mange har deltatt på dei to arrangementa i 2023 der påskeeggjakt samla 70 stk. og turen til Berstaddalen med 50 stk.



Borna vil også vere med på Vintertrimmen!



Ein flott dugnadsgjeng på Kråkenes Fyr



Vik Turlag

Vik Turlag er blant dei turlaga som har god auke i medlemstalet. I 2023 var 197 personar medlemmer i Vik Turlag, mot 184 året før, auke på 7%.

På aktivitetssida er Vik Turlag 'langt framme i skoa', og arrangerer OPPTUR for 8.klassingar kvart år, 10 fellesturar, Kom deg ut-dag vinter og haust med Barnas Turlag, Jentecamp, Onsdagsturar med 13 turar. Om lag 600 deltakarar har vore med på ulike aktivitetar som Vik Turlag og Barnas Turlag har arrangert.

Vik Turlag har og mange postar rundt i kommunen, både digitale og postkassar. Dette er tilbod for vaksne og nokre av dei er for born.

Dei tre DNT-hyttene som er drifta av Vik Turlag har fått nødvendig ettersyn i 2023 og oppgradering der det er aktuelt. Mellom anna har Målsethytta fått ny grus ute og det er starta oppgradering av el-anlegget. Utsifting av dører og maling har og vore utført. Ein ønskjer å gjere Målsethytta tilgjengeleg for personar med funksjonsvariasjonar, og søkt DNT sentralt om midlar til dette.



Tøffe jenter på klatring 'Jentecamp i Vik'

Sylvarnes har fått nytt tak, ny skorstein, brannmur og elles anna vedlikehald på trestrukturen utvendig. Jashaugbu påfyll av forbruksvarer som ved, gass. Mykje og godt utført dugnadsarbeid av eit lite turlag.



Årdal Turlag

Årdal Turlag feira i 2023 sitt 50-årsjubileum med ein flott fest i februar. Her vart det delt ut æresmedlemskap,

heidersprisar og dugnadsprisar. ÅT har etablert Turleiarforum, for å samle turleiararane og utveksle erfaringar og kunnskap. Førstehjelp er viktig blant turleiarane, og kurs er gjennomført. Fellesturar har vore arrangert, alt fra trugetur, topptur på ski, fotturar og her har Årdal Turlag passa på å involvere nye landsmenn på tur.

Årdal FTU heidra med prisen Årets Årdøl, gratulerer! Årdal FTU hadde 11 turar på programmet, og har erfart kva aktivitetar som er mest populære og fungerer best. Aktivitetane er svært varierte, og spenner fra friidrett, teknologi, padling og ikkje minst banketten i juni!

Hytte: Gravdalen er ÅT si DNT-hytte, og det har vore to dugnader i 2023. Godt med frammøte, slik at ovnar og piper i Svalheimsselet og Avdalselet kunne skiftast ut. På hausten er det ved-dugnad, som samla 10 frivillige.

Årdal Mosjonsskule er ei gruppe i ÅT, som tilbyr lavterskel trim og vere ein rekrutteringsarena for Årdal Turlag.

Årdal Gålag gjennomførte 22 turar i -23 sesongen. Rekrutteringa er god, med 17 nye medlemmer dette året. Over 850 deltakarar på turane totalt i år, ca 34 i gjennomsnitt pr tur. Veldig gode tal 😊

DNT fjellsport Årdal er aktive med ulike arrangement gjennom året, som skredkveld, fjellsportsamlingar, NF skredkurs alpint, sportskltring samt skisamlingar.

Barnas Turlag har gjennomført 6 av 9 planlagde arrangement, og dei har fått rekruttert fleire leiarar. Dei deltok på DNT SFJ sitt aktivitetsleiar kurs i Fjærland, laga til lommelykttur, nissetrim, KDU og ulike turar i Årdalsområdet. Padling og friidrett er også blant aktivitetane, som tilsaman utgjør eit svært variert tilbod i BT Årdal.




Ytre Sogn Turlag

Ytre Sogn Turlag (YST) sitt motto er Kjenn din kommune – og bruk den! Dette går rett inn i DNT sine visjonar og retningslinjer med kortreist friluftsliv og nærheit til naturen.

Turlaget ytst i Sogn har god aktivitet, og ein av dei få turlaga som har heile tre Barnas Turlag i sine rekker. Dette er heilt naturleg, sidan YST dekkjer både Solund, Gulen og Hyllestad. Heile Sognefjorden er mellom hovudturlaget YST og Barnas Turlag i Hyllestad til dømes.

Kompetanseutvikling står høgt på agendaen i dette turlaget, og hadde 13 deltakarar på turleiar kurset som DNT Sogn og Fjordane arrangerte i Gulen i mars -23. Dette medførte tre turleiar samlingar i etterkant for å få innspel til turprogrammet. YST er fast arrangør av OPPTUR, og med fleire fellesturar vart dette ein aktiv sesong for Ytre Sogn Turlag. Den årvisse Bjørn West-marsjen samla 377 deltakarar, og tradisjonen tru vart det minnestund og kjøtkaker på Fjellstova etterpå. Tre-fjellsturen i Gulen og Alden-tur vart avvikla i september, god deltaking på begge to. Barnas Turlag arrangerte Kom deg ut-dagar både i Gulen, Solund og Hyllestad med mange glade familiar og born til stades. Kajakksommaren vart arrangert i lage med Kystkulturakademiet, og dette samla over 50 deltakarar i alderen 14-18 år. Kanskje blir det ny kajakksommar i 2024? Følg med!

Ytre Sogn Turlag er også hyttedrivar for Råkeneset, som er DNT si vestlegaste hytte. Den sjarmerande husmannsplassen, der det er svært lågt under taket innandørs. Mang ein besøkande har nok smelt hovudet i taket der. Råkeneset er verna av Riksantikvaren, og det krevst varsom bruk av området rundt samt på sjølve hytta.



Fra Kom deg ut-dagen i Barnas Turlag

Balestrand og Høyanger Turlag**Balestrand og Høyanger Turlag**

Turtrimmen med heile 80 postar pågjekk fra 1. april til 30. september.

Turpostane er spreidd rundt i Høyanger kommune og tidligere Balestrand

kommune, med ulik vanskegrad og varigheit. Lista over turane ligg på UT.no/UT-appen som ein kan følgje og sjekke inn på dei enkelte turmåla.

Turprogrammet med fellesturar for 2023 inkluderte ulike turer og samarbeidsturar med IST og YST, men nokre vart avlyst eller utsatt grunna usikre og dårlege verforhold.

I 2023 hadde turlaget god fokus på merking og remerking av stiar, med oppgraderingar og nymerking av fleire stiar i Høyanger tettstad.

Barnas Turlag Kyrkjebø arrangerte fleire aktiviteter gjennom året, inkludert utedager og karusellrenn, samt utallige dugnadstimer i Trollskogen-området.

Styret inviterte andre til å delta i dugnadsarbeidet, men det var utfordrande å få med flere.

Balestrand

Dugnadsgjengen bidro hovedsakelig til bygging av sikringsbua Dagbu på Gulleplenipa langs Keipenstien, samt planlegging av oppgraderingar på turstier. Oppgraderingsplaner inkluderte blant annet oppgradering av Turstien Kreklingen-Skåsheim for universell utforming og omlegging av Keipenstien på grunn av konflikter.

Profilke vart innkjøpt til turleiarar og dugnadsarbeidarar, samt til styremedlemmer.

Turlagets aktiviteter blei annonsert på Facebook gjennom året. Ved å annonsere digitalt er det større sjanse for å få med stor deltaking og det vert enklere handtering viss verforholda skulle endre seg.



Fra Høyangerfjellet: Rydding og merking av stiar, og fjerning av netting i terrenget

TAL MEDLEMER, TURAR/ARRANGEMENT OG DELTAKARAR 2023

Lokalt turlag	Tal medlem 2023	Turar/arr 2023	Turdeltakar 2023	Tal medlem 2022	Turar/arr 2022	Turdeltakar2022
Ytre Nordfjord Turlag	311	11	327	312	18	309
Midtre Nordfjord Turlag	988	39	1736	1007	30	953
Indre Nordfjord Turlag	540	47	792	558	45	800
Indre Sunnfjord Turlag	1849	106	3584	1845	63	1962
Flora Turlag	895	112	870	902	76	1373
Keipen Turlag	306	22	1063	253	31	708
Sogndal Turlag	1174	57	2038	1097	58	1602
Luster Turlag	595	36	983	657	44	886
Lærdal Turlag	180	22	528	174	20	179
Vik Turlag	197	32	672	184	30	588
Årdal Turlag	384	53	1446	390	44	1056
Ytre Sogn Turlag	231	23	986	241	40	1373
Balestrand og Høyanger Turlag	249	6	120	250	8	191
Aurland Turlag	141	26	354	113	20	236
DNT Sogn og Fjordane		8	107			
Sum	8040	600	15606	7983	527	12216

DIGITALE OG FYSISKE TURPOSTAR 2023

Lokalt turlag	UT.no				Fysiske bøker/turpostkassar m.m.			
	Namn på liste	Tal postar	Tal innsjekk 2023	Tal innsj 2022	Namn på aktiviteten	Tal postar	Tal registr 2023	Tal 2022
Ytre Nordfjord Turlag	Vintertrimmen	13	223	477				
Midtre Nordfjord Turlag	T-tur Gloppen 2023-	10	943	936	Turbotrim	9	80	380
	T-tur Eid 2023	10	424	439				
	T-tur for alle, Gloppen	10	1603	1334				
Indre Nordfjord Turlag	Toppturer i Stryn	7	46	35	Turbopost	21	?	444
	BT INT Turboturer	19	332	248				
Indre Sunnfjord Turlag	Titur Sunnfjord	10	792	1052				
	Titur Dalsfjorden	10	2086	1832				
Flora Turlag	Turtrimmen 2023	25	1826	1748	Trimpoeng		66000	89025
Keipen Turlag	Turboktrim	10	466	72	Fjelltrimmen Svelgen	20	6931	7022
					Turorientering	4	31	
					Ti T Tur 2023	10	15	
Sogndal Turlag	Fine toppar i Sogndal	7	175	185	Turpostar for born	16	20	30
Luster Turlag					Topptrimmen	10	300	
Lærdal Turlag	Bakketrimmen	7	1690	1833				
	Stølstrim	10	273	624				
	Sjekk-UT punkt	86	6808					
Vik Turlag	3 lister	15	69	71	Turpostkassar		865	1792
Årdal Turlag	Stølar i Årdal	7	531	142				
	Turar i sentrum	20	4500	3458				
Ytre Sogn Turlag	TiTur Hyllestad	10	1360	876				
Balestrand og Høyanger Turlag	Turtrimmen 2023	80	1533	1414				
Aurland Turlag	Bakketrimmen	6	854	1171				
	Turposter Aurland	20	278	410				
Sum		392	26812	18357	0	90	74242	98693

TUR, KURS, ARRANGEMENT 2023

Dato	Tur/kurs/samling	Deltakrar 2023	Turleiar, instruktør m.m. 2023
Februar	Jostedal: 3 dg NF-godkjent skredkurs	5	Norgesguidene
Mars	GULEN: Ambassadør / grunnleggande turleiarkurs	13	Roy F. Fauske og Vigdis F. Kvamme
	Teams: Stimerkekurs teori	20	Torgeir N. Berg fra DNT sentralt
April	FØRDE: Ambassadør / grunnleggande turleiarkurs	9	Roy F. Fauske og Vigdis F. Kvamme
	Sogndal: Kajakk kurs i samarbeid med Sogndal Turlag	8	Toril Mulen, Sogndal Turlag
	Kaupanger: Aktivitetsleiarkurs for Barnas Turlag	9	Rune Valsvik, Hege Mundal, Vilde Nordlid
	Førde: Nærturleiarkurs i samarbeid med IST	8	Roy R. Fauske og Vigdis F. Kvamme
Mai	Svelgen: Kart og kompass	11	Rune Valsvik og Vigdis F. Kvamme
September	Nipebu: Ambassadør / grunnleggande turleiarkurs	9	Roy Raasholm Fauske
	Nipebu: Sommarturleiarkurs del 1	9	Rune Valsvik og Jannike B. Frøyen
	Fjærland: Aktivitetsleiarkurs og samling for Barnas Turlag i Sogn og Fjordane	18	Hege Mundal og Hanne Hilde frå Norsk Friluftsliv
November	Førde: Skredkveld i samarbeid med Førde Røde Kors skredgruppe	100	Jostein Aasen

TAL PERSONAR MED TURLEIARUTDANNING pr 2023

Lokalt turlag	Ambassadør/ Nærturleiar	Grunnleggande turleiar	Sommar- turleiar	Vinter- turleiar	Kurshaldar
Ytre Nordfjord Turlag	3	3			
Midtre Nordfjord Turlag	45	13	4	3	
Indre Nordfjord Turlag	26	13	1		
Indre Sunnfjord Turlag	37	37	16	11	2
Flora Turlag	60	26	6	1	
Keipen Turlag	15	15	2		1
Sogndal Turlag	6	6	2		
Luster Turlag	13	10			
Lærdal Turlag	3	3			
Vik Turlag	11	11	2		
Årdal Turlag	13	15	1	1	1
Ytre Sogn Turlag	35	31			
Balestrand og Høyanger Turlag	15	16			
Aurland Turlag	3	3			
Sum	285	202	34	16	4

HYTTESTATISTIKK 2023

Hyttens navn	Lag	Type	Senger	Overnatting		Dagsbesøk	
				2023	2022	2023	2022
Blåbrebu	FT	U	14+hems	65	50	9	70
Børabu (Ny haust 22)	FT	U	6	2		52	
Gjegnabu	FT	U	6	53	46	53	25
Kinn	FT	U	9 + madr	412	395	129	148
Longevasshytta	IST	S	11+hems, sofa, bod	246	168	18	23
Massbu	IST	U	6	78	23	21	21
Nipebu	IST	S	10+hems,sofa,bod	295	269		15
Fivla	LuT	U	24+madr	387	268		
Fuglesteg	LuT	U	31+madr	300	530	4000	3000
Nye Tungestølen Turisthytte	LuT	B	25	792	1069		
Austerdalshytta (NY!)	LuT	U	12	30	0		0
Grøssete	ST	U	4+sofa	89	32		
Kollsetestølen (NY!)	ST	U	8	139	168		
Råkeneset	YST	U	8+madr	131	36		
Gravdal	ÅT	U	12	120	115	25	30
Skongenes	YNT	U	18+madr	400	285		
Kråkenes Fyr	YNT	U	15	585	894		
Målsethytta	VT	U	30	451	478		
Jashaugbu	VT	U	4+hems	78	61		
Sylvarnes	VT	U	9+madr	126	120		
Vetledalseter	INT	S	6+madr	89	103	110	93
Olavsbu-Hornelen	KT	U	nødbu				
Martinbu	KT	U	dagstur				
Moldahytta	KT	U	8	22	15	22	200
Knekkevasshytta	KT	U	12	47	36	76	150
Totalt			283	4937	5161	4515	3775

Vi takkar våre partnarar for godt samarbeid i 2023!



DNT Sogn og Fjordane samarbeider godt med Vestland Fylkeskommune, og har hatt jamne møter gjennom året vedrørende budsjett og søknad. Fylkeskommunen har i 2023 løyvd kr 500.000 som grunnfinansiering til foreninga vår. Midlane vi får frå Vestland Fylkeskommune er svært viktig for at DNT Sogn og Fjordane kan oppretthalde vår drift og dermed støtte opp under friluftslivet og frivilligheita i vår organisasjon. DNT Sogn og Fjordane har ein slank og effektiv organisasjonsmodell, som medverkar til at all aktivitet i lokale turlag i vårt nedslagsfelt er driven av frivillige med ei sterk dugnadsand.



Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er ein god samarbeidspart for DNT Sogn og Fjordane, og er på vårt lag for å støtte det frivillige friluftslivet i vår region. Sparebankstiftinga sitt mål med gåvemidlane er at dei skal gå til prosjekt i det området som overskotet i Sparebanken er skapt: I Sogn og Fjordane.

Vi mottok i 2023 kr 600 000 i gåvemidlar, som DNT Sogn og Fjordane igjen fordeler til lokale turlag etter søknad. Dette er ein effektiv, nyttig og målretta ordning for våre lokale turlag. Med denne søknadsbaserte interne tilskotsordninga ser vi at mange gode prosjekt lokalt vert realisert til glede for lokalsamfunnet, og løyser dessutan ut midlar frå andre bidragsytarar.



DNT SF takkar FNF for det gode samarbeidet vi har hatt i 2023. Vi jobbar saman for vern av natur, og mot nedbygging av natur. Vi deltek også saman i styringsgruppa for Friluftsliv for barn og unge, sjå avsnitt over.

Det er Ket Fossen som er tilsett som koordinator for FNF i Sogn og Fjordane, og vårt Naturvernutval er med i FNF sitt styre. FNF er vår stemme utad spesielt i naturvernsaker, og vi er glad for det gode arbeidet som FNF lokalt gjer for oss i dei tilslutta organisasjonane.

Samarbeidsprosjekt andre friluftsansjonar:

Friluftsliv barn og unge i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsprosjekt mellom friluftsansjonane i vår region for å få til ei betre/samla oversikt på friluftslivsaktivitetar i kvar kommune. Prosjektet er initiert av Bjarne og Håkon Huseklepp i Sogn og Fjordane Jeger og Fisk. I styringsgruppa for prosjektet sit Hege Mundal på vegne av DNT Sogn og Fjordane ilag med FNF, KFUK/KFUM og SFJ Jeger og Fisk.

DNT Sogn og Fjordane samarbeider også med Røde Kors, Frivilligsentralar, BUA, Friluftsråd og andre frivillige organisasjonar.

Samarbeidsavtalar næringsliv og kultur:



I oktober 2021 fornya vi rabattavtalen med Chatlet, som DNT Sogn og Fjordane har hatt i ei årrekke. Chatlet har butikkar på Sandane, Nordfjordeid og i Førde. Alle medlemmer i DNT Sogn og Fjordane/lokallag får 15 % rabatt på sports- og friluftsutstyr (ikkje elektronikk). Medlemmer som vil nytte rabatt må vise til gyldig medlemskap, dette kan du ordne med å be om sms stadfesting frå DNT.



DNT Sogn og Fjordane har, i samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag, inngått avtale med Førdefestivalen for 2024. Avtalen omhandlar mellom anna gjensidig marknadsføring og profilering under arrangementet og på nettsider, samt dugnad og turleiing i festivalperioden. DNT på nasjonalt nivå har eigen avtale med festivalen.

ØKONOMI

Vi viser til rekneskap og budsjett. Styret finn at føresetnad for framleis drift er tilstades. Rekneskapen er handtert av DNT Økonomiringen, som utarbeider årsrekneskap med notar til årsmøte. Revisjon er utført av intern revisor vald på DNT SF årsmøte 2023, Knut Furu Strømmen.

DNT Sogn og Fjordane vil takke alle frivillige som bidreg til friluftsliv og naturopplevingar for andre. DNT SF takkar samarbeidspartnarar, næringsliv, kommunar og Vestland Fylkeskommune samt lokallaga og DNT for godt samarbeid i 2023.

Styremøte 14. februar 2024

Styret i DNT Sogn og Fjordane

Siv M. Stadheim, Silje Marita Vallestad, Karen Weichert, Irene Lunde, Jarle Aarvoll.